

K O P I

FYLKESLANDBRUKSKONTORET I HORDALAND

SKOGBRUKSETATEN

Småstrandgt. 1 - 5000 Bergen

Telf. \* (05) 31 14 20

Postgiro 5 05 45 72

Bergen, den 14. august 1986

Alise Soltveit

5120 MANGER

Johannes Ripmann  
v/adv. Egil Lassen  
Postboks 14

5061 KOKSTAD

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato

TD

Sak nr. 1260 84 00106

K l a g e

Frådeling av parsell frå gnr. 14, bnr. 6 i Radøy

---

Saka vart handsama av fylkeslandbruksstyret i møte 11.08.86.

./. Utskrift av fylkeslandbruksstyret si møtebok ligg ved.

Vi viser til det vedtak fylkeslandbruksstyret nå har gjort, og bed Dykk innan 12 dagar skriftleg seia frå om De framleis krev at saka skal hand-samast som klagesak av Landbruksdepartementet.

Etter fullmakt

*Thor Nareid*

Thor Nareid

Kopi: Landbrukskontoret  
Bygningsrådet  
Heradsskogmeister

*Tone Dale*  
Tone Dale

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre FYLKESLANDBRUKSSTYRET I HORDALAND	
Møte	Sak	Møte 11.08.86	Sak 12608400106
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

FYLKESLANDBRUKSSTYRE  
JF/

Søknad om deling av ein parsell frå gnr.14, bnr.6 i Radøy, KLAGE.:

Ingen av styremedlemmene sa seg ugilde.

Fylkesskogsjefen si fråsegn:

Saka gjeld søknad om frådelling av ein parsell som vart kjøpt i 1972, og som vart bebygd med ei hytte same år etter planar godkjent av Fylkesmannen og Radøy bygningsråd. Søknaden vart handsama av fylkeslandbruksstyret i møte 1.7.85, og vart der avslått.

Avgjerda er i skriv dat.11.9.85 påklaga.

Fylkesskogmeister Frønsdal hadde 3.07.86 synfaring på staden ilag med skogmeistar Kolås.Seljar og kjøpar v/advokat vart tilskrevne, men møtte ikkje.

Frå synfarringsrapporten kan ein nemne:

"Parsellen ligg i eit sammenhengende tilplanta skogområde av tilfredstillande kvalitet, og varierende hogstklasser. Topografisk er området småkupert, med langsgående dalar NV/SØ., noke som gjer det driftsmessig tungt å drive fram skogen. Gjennom jordskifte er det utlagt ein veg som tangerer hytteparsellen. Ein kan ikkje sjå at det vil verte store problem med å føre vegen utanom hytteparsellen, uten at dette vil vere nokon ulempe for linjeføringen.

Etter ein samla vurdering kan ein ikkje sjå at ei frådelling av parsellen vil vere driftsøkonomisk uforsvarleg for bruket og området. Kjøpar av parsellen må imidlertid vere innforstått med vegretten forbi tomta."

Fylkesskogsjefen er samd i dei vurderingar som kjem fram i synfarringsrapporten, og rår såleis til at den omsøkte frådelling frå gnr.14, bnr.6 kan godkjennast. Vegretten forbi parsellen må føras inn i skyldskiftesdokumenta. Eventuelle tvistar med utnytting av fellesareal langs stranden er eit privatrettsleg forhold, og ikkje ei sak som vedkjem fylkeslandbruksstyret.

Framlegg til vedtak:

Fylkeslandbruksstyret syner til fylkesskogsjefen si fråsegn og gjev samtykke til omsøkte frådelling av 1 parsell frå gnr.14, bnr.6 i Radøy på dei vilkår som er gitt i fråsegna.

Vedtak:

Fylkeslandbruksstyret sluttar seg samrøystes til fylkesskogsjefen sitt framlegg til vedtak.

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til: